

Prosjektmandat
Hovudprosjekt med
administrativ styring

Samfunnstryggleik og beredskap i
Alver kommune

16.03.2018

Innhold:

- 1. Innleiing**
- 2. Bakgrunn og forankring**
- 3. Hovudmål, resultatmål og effektmål**
- 4. Avgrensingar**
- 5. Organisering**
- 6. Administrativ støtte til prosjektet**
- 7. Framdrift**
- 8. Budsjet**
- 9. Risiko**
- 10. Godkjenning**

1. Innleiing

Dette mandatet gjeld for hovudprosjekt med administrativ styring:

Mandatet er forlagt programansvarleg og administrativ styringsgruppe i prosjekt Alver kommune.

2. Bakgrunn og forankring

2.1. Intensjonsavtale

Intensjonsavtale mellom Radøy, Meland og Lindås og styringsdokument vedtatt av Fellesnemnda 4. desember 2017.

Intensjonsavtalen mellom kommunane nemner fleire punkt som dannar bakgrunn for mandatet.

I punkt 3 Verdier, mål og prinsipp er følgjande nemnt;

- *Me skal byggja ein ny kommune.*
- *Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.*
- *Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.*
- *Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen.*

Når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap er det ei teneste som er viktig og vert likeverdig i heile kommunen. Dette vil krevje at me oppfyller punktet om å ta med oss beste praksis inn i den nye kommunen. Involvering av innbyggjarar og næringslivet er i dag mykje sterkare forankra i forskrift og rettleiar med etablering av risikobilete. Dette bilete er det som dannar vidare grunnlag for arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

I punkt 7. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse er følgjande nemnt;

Når me skal ta stilling til korleis me skal organisera dei kommunale tenestene, er det viktig å vurdere dette i lys av behovet i framtida. Ein ny kommune skal yta gode tenester ut frå dagens behov, og den skal kunna handtera framtidas utfordringar og arbeidsoppgåver.

Tenesteyting

Tenestetilbodet skal vera på det same nivået som i dag. Gjeldande planar vert vidareført inntil den nye kommunen vedtek nye.

Samfunnstryggleik og beredskap er ein del av den totale tenesteytinga. Det er i» Felles beredskapsprosjekt Alver kommune (21.08.2017)» avdekka behov for eit vidare arbeid med dette emnet. Skal Alver kommune oppfylle intensjonsavtalens punkt om å kunna handtera framtidas utfordringar og arbeidsoppgåver, må ein arbeida vidare med emnet fram mot 2020 og inn i den nye kommunen.

2.2. Styringsdokument (endelig vedtak 4. desember 2017)

Punkt 1, kap 4:

I løpet av to år skal tre kommunar avviklast og ein ny kommune byggast. I denne perioden og vidare skal innbyggerane få forsvarlege teneste heile tida. Dei neste 3 åra skal samanslåing og drift handterast med nær same tal tilsette som i dag. Dette fordrar ein robust organisering av samanslåingsarbeidet. Ein viktig del av dette blir å sørge for ein vellykka integrasjon mellom kommunane som organisasjonar og ein god prosess og omstilling for dei tilsette.

Prosjektet skal bidra til å oppfylle siste setninga sin intensjon «*ein vellykka integrasjon mellom kommunane som organisasjonar*», denne intensjon er også viktig i området samfunnstryggleik og beredskap.

2.3. Vedtak i fellesnemnda

Prosess vedtak i fellesnemnd.

1. April 2018 Politisk vedtak i sak om akseptkriterier.
2. November 2018 Vedtak om Overordna ROS-analyse for Alver kommune.

Forskrift om kommunalberedskap §2. Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse

Kommunen skal gjennomføre en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse, herunder kartlegge, systematisere og vurdere sannsynligheten for uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen og hvordan disse kan påvirke kommunen. Den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen skal forankres i kommunestyret.

Veileder til helhetlig risiko og sårbarhet i kommune, 3.1 Planlegging og forarbeid, 3.1.1 kap.2

Helhetlig ROS forankres hos kommunens administrative og politiske ledelse for å sikre eierskap til gjennomføring, resultat og oppfølging av analysen. Helhetlig ROS skal forankres i kommunestyret. Vi anbefaler at kommunestyret involveres både i opp-starten, i presentasjon av resultatene fra analysen og i oppfølgingen.

2.4. Andre forhold

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret

Forskrift om kommunal beredskapsplikt

Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen

Samsvar rapport for ROS i Radøy, Meland og Lindås (Felles beredskapsprosjekt Alver kommune (21.08.2017)

3. Hovudmål, resultatmål og effektmål

3.1 Hovudmål

Etablere og overlevere eit system for samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune.

3.2 Resultatmål (Kva skal prosjektet levere)

I perioden 2018 – 2020 skal prosjektet levere følgjande:

- 3.2.1 Definerer tenesteområde som, ved ei hending i Alver kommune må fungera og skal bidra til å oppretthalda tenesteleveransar i samfunnskritiske område
- 3.2.2 Kartlegga og vurdere sårbarhet i organisasjonen, som skal handtera hendingar i Alver kommune
- 3.2.3 Foreslå akseptkriterium for risikostyring i Alver kommune (leggjast fram for politisk behandling)
- 3.2.4 Etablere CIM som prosjektverktøy
- 3.2.5 Gjennomføre Overordna-ROS, med forslag til handlingsplan (leggjast fram for politisk behandling)
- 3.2.6 Utarbeida KKL-plan. Utarbeida brodokument som sikrar samhandling mellom ny KKL-plan og gjeldande planar som blir vidareføre frå dei tre kommunane og inn i Alver kommune
- 3.2.7 Identifisere kva planer som må etablerast eller rulling av eksisterande planar og oppretting av brodokument
- 3.2.8 Kartlegga behov for og «inngå» beredskapsavtaler med eksterne aktørar
- 3.2.9 Innføre CIM som støtteverktøy i KKL og på operasjonelt nivå
- 3.2.10 Implementere planar og brodokument i ny organisasjon, også trening og øvingar (overlevering)
- 3.2.11 Verifikasjon av plan og organisering

4. Avgrensingar

4.1 Prosjektet skal ikkje:

- utarbeide fellesmal for planverk i området samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune.
- ha oppfølging av handlingsplan Overordna-ROS.
- rullera eksisterande planar eller etablere nye på sektornivå/avdeling eller i andre. tenesteytande nivå. Dette arbeidet må organisasjon i Alver kommune gjennomføra.
- levera tenester (t.d. planverk, ROS -prosesser) i samband med dagens drift i kommunane.

4.2 Avgrensingar i akseptkriterium

Prosjektet skal ikkje levera akseptkriterium for arealdelen, då pågåande arbeid med arealplanar må forholde seg til gjeldande akseptkriterium i ROS-analysane for dei tre kommunane. Med eit dynamisk system for ROS vil dette kunne løyast tidleg i Alver kommune.

5. Organisering

5.1 Oppdragsgjevar

Programansvarleg Alver kommune.

5.2 Administrativ styringsgruppe

Programansvarleg Alver kommune og Ass.programansvarlege.

5.3 Prosjektansvarleg

Ass.rådmann Hogne Haugsdal, Lindås kommune.

5.4 Prosjektgruppe

Harald Stanghelle, Radøy
Kari Anne Iversen, Meland
Ståle J Hauge

5.5 Referansegrupper

Storleik og omfang på prosjektet tilseier at det bør setjast ned referansegrupper for fleire resultatmål. Aktørane vil kunne sitja i fleire grupper, og kan være interne eller eksterne personar. Gruppene vil bli terminert når resultatmålet er nådd, slik at ingen grupper vil være aktiv i heile prosjektperioden. Det kan være ønskelig med nokre gjennomgåande funksjonar for å sikra den «raude tråden». Gruppene vert oppretta ved starten av kvart resultat mål.

Referansegrupper på Resultatmål;

- | | | |
|-------|---------------|--|
| 3.2.1 | Intern | Definere tenesteområde. |
| 3.2.2 | Intern | Kartleggja og vurderer sårbarhet i organisasjon. |
| 3.2.3 | Intern | Akseptkriterium for risikostyring. |

| | | |
|--------|------------------------|--------------------------------------|
| 3.2.5 | Ekstern | Overordna-ROS. |
| 3.2.6 | Intern/Ekstern | KKL-plan. |
| 3.2.7 | Intern/Eksternt | Brodokument |
| 3.2.9 | Intern/Ekstern | Innføring av CIM. IKT, Kart |
| 3.2.11 | Ekstern/Intern | Verifikasjon av plan og organisering |

Aktuelle aktører internt:

- Kommunalsjefar
- Einingsleiarar
- Avdelingsleiarar
- Fagleiarar
- Kommunale KKL
- Andre tilsette i dagens kommunar

Aktuelle aktører eksternt

- Beredskapsrådet
- Sivilforsvaret
- Politiet
- Helse Vest
- Storulykkeforum Mongstad
- Næringslivsaktører
- Frivillige organisasjonar
- DSB
- Fylkesmann
- BKK

Ikkje uttømmende liste.

6. Administrativ støtte til prosjektet

Frå Prosjektkontor etter behov.

7. Framdrift

Prosjektet startar opp 01.01.2018 og avsluttas 31.12.2019

| | |
|--------------------|--|
| 2018 Jan-Mars | Eablera CIM som prosjektverktøy |
| 2018 Jan-Mars | Definera tenesteområde som, ved ei hending i Alver kommune, må fungere og skal bidra til å oppretthalda tenesteleveransar i samfunnskritiske område |
| 2018 Jan-Mars | Kartleggja og vurderer sårbarhet i organisasjon som skal handtera hendingar i Alver kommune |
| 2018 April | Foreslå akseptkriterium for risikostyring i Alver kommune (politisk vedtatt) |
| 2018 Mai- Nov | Gjennomføra Overordna-ROS, med framlegg til handlingsplan |
| 2018 Nov- 2019 Mai | Utarbeida KKL-plan og brodokument som sikrar samhandling mellom nye og gjeldande planar som blir vidareført frå dei tre kommunane og inn i Alver kommune |
| 2019 Feb- Juli | Identifisera kva planar som må etablerast eller rullering av eksisterande planar |
| 2019 Feb- Juli | Kartleggja behov for å «inngå» beredskapsavtaler med eksterne aktørar |
| 2019 Mars – Juni | Innføra CIM som støtteverktøy i KKL og operasjonelt nivå |
| 2019 Juni- Okt | Implementera planer og brodokument i ny organisasjon, også trening og øvingar |
| 2019 Nov | Verifikasjon av plan og organisering |
| 2019 Des | Overlever for drift i Alver kommune ved beredskapsorganisasjon |

8. Budsjett

| Budsjett: | Beløp i kr |
|---------------------------------|-------------------|
| Møter, administrasjon og reiser | 50.000 |
| Intern prosjektleiing | 400.000 |
| Ekstern rådgjeving - ROS | 400.000 |
| Total | 850.000 |
| | |
| Finansiering: | |

| | |
|------------------------------------|---------|
| Skjønsmidler frå Fylkesmannen 2018 | 500.000 |
| Kontantbidrag frå Alver kommune | 180.000 |
| Eigeninnsats frå kommunane | 170.000 |
| Total | 850.000 |

9. Risiko

Ein risiko i prosjektet er tilfang av opplysningar frå tilsette i noverande organisar, t.d. innan gitte fristar.

Manglande deltaking frå personar i noverande organisasjonar.

Manglande forankring frå tilsette i organisasjonane.

Ein annan risiko er utfordring med informasjonsflyt i emne samfunnstryggleik og beredskap mellom noverande organisasjon og ny organisasjon i Alver kommune og prosjektet. Det kan få effekt på planar som skal «samhandla» i Alver kommune.

Omfang av ressursbruk er utfordrande å kartleggja, då mengda arbeid for å nå delar av resultatmål er usikker før andre resultatmål er oppnådd.

10. Godkjenning

Mandatet oppretta 20.10.2017

Tilslutning frå programansvarleg og administrativstyringsgruppe

Prosjektskisse

| Prosjektnr | Namn | Saknr |
|--|---|----------|
| (økonomi) | Samfunnstryggleik og bereskap i Alver kommune | (websak) |
| Prosjektfase | Hovudprosjekt 2018 - 2020 | |
| Organisering | | |
| Oppdragsgjevar: Programansvarleg Alver kommune, Ørjan Raknes Forthun | | |
| Styringsgruppe: Programansvarleg Ass. programansvarlige, Jarle Landås og Martin W. Kulild | | |
| Prosjektansvarleg: Ass. rådmann i Lindås kommune, Hogne Haugsdal | | |
| Prosjektleder: Beredskapsplanleggjar i Lindås kommune, Ståle J Hauge | | |
| Prosjektgruppe: <ul style="list-style-type: none">• Harald Stanghelle, Radøy kommune• Kari Anne Iversen, Meland kommune | | |
| Referansegruppe(r): Storleik og omfang på prosjektet tilseier at det bør setjast ned ulike referansegrupper for dei ulike resultatmåla. Aktørane vil kunne sitja i fleire grupper, og kan være interne eller eksterne personar. Gruppene vil bli terminert når resultatmålet er nådd, slik at ingen grupper vil være aktiv i heile prosjektperioden. Det kan være ønskelig med nokre gjennomgåande funksjonar for å sikra den «raude tråden». Gruppene vert oppretta ved starten av kvart resultatmål. | | |
| Bakgrunn og forankring | | |
| Kommunane Meland, Radøy og Lindås skal slå seg saman til Alver kommune frå 01.01.2020. Intensjonsavtalen og styringsdokumentet for fellesnemnda legg grunnlaget og rammene for å bygge ein ny kommune. Samfunnstryggleik og beredskap er svært viktig område der Alver kommune må ha på plass eit system innan 01.01.2020. | | |
| I 2017 starta kommunane eit forprosjekt for å kartlegge status på samfunnstryggleik og beredskap i alle kommunane. Dette prosjektet fekk kr 300.000 i skjønsmidlar frå | | |

Fylkesmannen. Forprosjektet blei avslutta i februar 2018 og konklusjonen var mellom anna at det er behov for å utarbeide ei felles overordna ROS-analyse for Alver kommune. ROS-analyse vil danne grunnlaget for heile systemet med samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune.

I 2018 vil Fylkesmannen særleg prioritere samfunnstryggleik og beredskap for tildeling av skjønsmidlar. Kommunane vil derfor søke om kr 500.000 skjønsmidlar for å gjennomføre dette hovudprosjektet.

Hovudmål med prosjektet:

Etablere og overlevere eit system for samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune.

Resultatmål (Kva skal prosjektet levere?)

I perioden 2018 – 2020 skal prosjektet levere følgjande:

1. Definere tenesteområde som, ved ei hending i Alver kommune, må fungera og skal bidra til å oppretthalda tenesteleveransar på samfunnskritiske områder
2. Kartlegga og vurdere sårbarheit i organisasjonen, som skal handtera hendingar i Alver kommune.
3. Foreslå akseptkriterium for risikostyring i Alver kommune (leggjast fram for politisk behandling)
4. Etablere CIM som prosjektverktøy
5. Gjennomføre overordna ROS, med forslag til handlingsplan (leggjast fram for politisk behandling)
6. Utarbeida plan for kommunal kriseleiing (KKL). Utarbeida brudokument som sikrar samhandling mellom ny KKL-plan og gjeldande planar som blir vidareføre frå dei tre kommunane og inn i Alver kommune
7. Identifisere kva planer vi må etablere og kva for eksisterande planar vi må rullere
8. Kartlegga behov for og «inngå» beredskapsavtaler med eksterne aktørar
9. Innføre CIM som støtteverktøy i KKL og på operasjonelt nivå
10. Implementere nye planar og brudokument i ny organisasjon, gjennomføre trening og øvingar (overlevering)
11. Verifikasjon av plan og organisering

Effekt mål

- Sikre at Alver kommune har på plass eit system for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i 2020.

Budsjett/finansiering

| Budsjett 2018 | Beløp i kr |
|------------------------------------|-------------------|
| Møter, administrasjon og reiser | 50.000 |
| Intern prosjektleiing | 400.000 |
| Ekstern rådgjeving - ROS | 400.000 |
| Total | 850.000 |
| | |
| Finansiering 2018 | |
| Skjønsmidlar frå Fylkesmannen 2018 | 500.000 |

| | |
|---------------------------------|---------|
| Kontantbidrag frå Alver kommune | 180.000 |
| Eigeninnsats frå kommunane | 170.000 |
| Total | 850.000 |

Avgrensingar – prosjektet skal ikkje:

- Utarbeide fellesmal for planverk i området samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune.
- Ha oppfølging av handlingsplan Overordna-ROS.
- Rullera eksisterande planar eller etablere nye planar på sektornivå/avdeling. Dette arbeidet må organisasjon i Alver kommune gjennomføra.
- Levera tenester (t.d. planverk, ROS -prosesser) i samband med dagens drift i kommunane.

Framdriftsplan:

Prosjektet startar opp 01.01.2018 og blir avslutta 01.12.2019

| Resultatmål | Tidsrom |
|---|----------------------|
| Etablere CIM som prosjektverktøy | Jan-mars 2018 |
| Definere tenesteområde som, ved ei hending i Alver kommune, må fungere og skal bidra til å oppretthalda tenesteleveransar i samfunnskritiske område | Jan-mars 2018 |
| Kartleggja og vurderer sårbarheit i organisasjon som skal handtera hendingar i Alver kommune | Jan-mars 2018 |
| Foreslå akseptkriterium for risikostyring i Alver kommune (politisk vedtatt) | April 2018 |
| Gjennomføra overordna ROS, med framlegg til handlingsplan | Mai – nov 2018 |
| Utarbeide plan for kommunal kriseleiing KKL | Nov 2018 – mai 2019 |
| Identifisera kva beredskapsplanar som må etablerast eller rullering av eksisterande planar | Feb 2019 – juli 2018 |
| Kartleggja behov for å «inngå» beredskapsavtaler med eksterne aktørar | Feb 2019 – juli 2018 |
| Innføra CIM som støtteverktøy i KKL og operasjonelt nivå | Mars – juni 2019 |
| Implementera planer og brodokument i ny organisasjon, i tillegg til trening og øvingar | Juni og oktober 2019 |
| Verifikasjon av plan og organisering | Nov 2019 |
| Overlevere for drift i Alver kommune ved beredskapsorganisasjon | Des 2019 |

ALVER KOMMUNE



Vi bygger Alver kommune

Samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune

Fellesnemnda 7 mai 2018



VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Agenda

Orientering om val av metode for Overordna-ROS analyse for Alver kommune

Stikkord: Sannsynsstyrt vs Dimensjonerandehendingar



Orientering om sårbarhets vurdering i Alver kommune

Definisjon på sårbarhet:

Sårbarhet er et uttrykk for de problemer et system får med å fungere når det utsettes for en uønsket hendelse, samt de problemer systemet får med å gjenoppta sin virksomhet etter at hendelsen har inntruffet (NOU 2000:24).



Orientering om sårbarhets vurdering i Alver kommune

Avgrensingar:

Kartlegginga og vurderinga er ikkje vurdert ut frå korleis vidareføringa av tenestestader/områder/planverk eller rutinar vil bli mellom dei tre noverande kommunane og Alver. Sårbarhet er kartlagt med bakgrunn i kva som gir sårbarhet i Alver utan at ein set inn tiltak. Scenarioa er hendingar som Alver er part i.

Framtidige ROS-analyser vil kunna avdekka tiltak som er etablerte , vidareført eller bør etablerast.



Orientering om sårbarhets vurdering i Alver kommune

Sårbarhets vurderingane og krav/forventingar til kva kommunen skal ha evna til ved ei hending, vert grunnlag for ROS.

| SAMFUNNSVERDI | KONSEKVENSTYPER |
|----------------------|--|
| Liv og helse | Dødsfall Skader og sykdom |
| Stabilitet | Manglende dekning av grunnleggende behov. Forstyrrelser i dagliglivet |
| Natur og miljø | Langtidsskader på naturmiljø Langtidsskader på kulturmiljø/kulturminner |
| Materielle verdier | Økonomiske tap |



Orientering om sårbarhets vurdering i Alver kommune

Ein prøva å skilja sårbarhets nivå i fire hovud kategoriar:

1. Hendingar der kunn ei avdeling er involvert
2. Hendingar der avdeling og tenestemråde er involvert
3. Hendingar der fleire tenestemråder med avdelingar er involvert
4. Hendingar der eksterne aktørar er involvert

Hendingar i kategori 1 og 2 bør kunne løysast utan at overordna nivå vert involvert, men varsling kan være naudsynt. Hending på nivå 2 bør ha varslingsplikt.

Hendingar i kategori 3 og 4 må varslast og overordna nivå tar avgjersla på om dei skal eller må involverast.



Orientering om sårbarhets vurdering i Alver kommune

Sårbarhets kriterier vurdert opp mot samfunnsverdi


- Er tenesta samfunnskritisk- konsekvens ved stopp i tenesteproduksjon
- Samhandling og avhengighet av andre avdelingar – sektorar
- Samhandling og avhengighet av eksterne aktørar
- Geografi/vær
- Samferdsel og avstandar
- Varsling
- Evakuering
- Samordna leiing
- Omdøme



Orientering om sårbarhets vurdering i Alver kommune

Samferdsel(eksempel)

- ikkje er omkjøringsveggar.
- store områder, busetnad,
- særskilte kjente risikooobjekt
- lange avstandar
- nærsenter



Sårbarheten kan være størst for Holsnøy og områder ved kunn ein-vegsløysing inn i områder.



Orientering om sårbarhets vurdering i Alver kommune

Topografi/vær(eksempel)


- mange fjordar, øyar og sund (nes)
- hav til fjell
- vind
- nedbør –regn-snø

Areal land 653 km² sjø 28 km²


Høgaste punkt er Sördalsnuten 975 moh.

Lågaste punkt er 686 mUh.


Lengste fjordarm 20 nm




Matrise akseptkriterier Val av akseptkriterium form



Sårbarhet, ansvar og handtering» kriterium Val av akseptkriterium form



«Sårbarhet, ansvar og handtering»



Valt metode

Valt metode vil synleggjera risiko- og sårbarhets bilete for kva riski Alver kommune som organisasjon og samfunn har eller kan få.

Det gir føringar for kva hendingar Alver kommune dimensjonerer seg for å takle og ikkje for kva som kan skje.



ROS- analysa med rapporten

Rapporten skal gje grunnlag for;

- vidare arbeid med planverk
- tiltak på strategisk og operasjonelt nivå
- etablering av handlingsplan for samfunnstryggleik og beredskap



Takk for OSS

Kari Anne Iversen

Harald Stanghelle

Ståle J. Hauge



VI BYGGJER ALVER KOMMUNE